



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandler, innvalgstelefon

Eilin Reinaas, 71 25 84 18

## Om adgangen til å ta betalt for tryggleiksalarm

Det har den siste tida vore fleire mediasaker om innføring av eigendel for tryggleiksalarm i kommunar. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klageinstans for kommunale vedtak om eigendel for helse- og omsorgstenester, inkludert tryggleiksalarm. På bakgrunn av medieomtalen, og fordi problemstillinga kan gjelde fleire kommunar, sender vi brev til alle kommunane i fylket som presiserer korleis regelverket skal forståast.

### Ulike lovreglar gjeld i ulike situasjonar

Når kommunen gjer vedtak om tryggleiksalarm med heimel i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b, må kommunen følgje reglane om eigendel i helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 og forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester.

Om tryggleiksalarm skal vere gratis eller ha eigendel, må kommunen vurdere dette etter regelverket. Kommunen må då sjå på kva behov tryggleiksalarmen skal dekke for den enkelte. Det betyr:

- Dersom tryggleiksalarm erstattar tenester det ikkje kan krevjast eigendel for, kan kommunen ikkje ta eigendel. Dette gjeld til dømes avlastning, helsetenester i heimen, nødvendig tilsyn og tryggleik og hjelp til personleg stell og eigenomsorg. Då skal tryggleiksalarmen vere gratis.
- Dersom tryggleiksalarm blir tildelt som praktisk hjelp som ikkje blir ytt til personleg stell og eigenomsorg, kan kommunen krevje eigendel etter reglane i forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester kapittel 2. I forskrifta blir eigenomsorg definert som hjelp til å stå opp og legge seg, personleg hygiene, toalettbesøk, å kle av og på seg, hjelp til å ete, nødvendig tilsyn og tilsvarande grunnleggjande behov. Vi vurderer at det sjeldan er aktuelt å tildele tryggleiksalarm som den typen praktisk bistand/opplæring som det kan takast eigendel for etter forskrifta. Det vil derfor sjeldan vere grunnlag for å krevje eigendel for tryggleiksalarm etter kapittel 2 i forskrifta.
- Dersom kommunen tilbyr tryggleiksalarm til ein person som ikkje har eit behov som gir rett til tenester etter pasient- og brukerrrettighetsloven, er dette eit frivillig servicetilbod. Då fell tilbodet utanfor helse- og omsorgslovgivinga. Kommunen kan i slike tilfelle velje å ta betaling for bruk av tryggleiksalarm opp til sjølvkost.



Når ei velferdsteknologisk løysing som tryggleiksalarm skal dekke både behov for helsetenester i heimen og behov for praktisk hjelp det kan krevjast eigendel for, må kommunen gjere ei konkret vurdering av kva behov løysinga skal dekke. Etter Helsedirektoratet sitt tolkingsbrev frå 18.12.2015 må kommunen vurdere kor stor del av funksjonaliteten som er knytt til dei ulike behova. Eigendel kan berre krevjast for den delen som gjeld praktisk bistand det kan takast eigendel for etter regelverket. Dersom tryggleiksalarmen berre eller i hovudsak dekker behov det ikkje kan takast eigendel for, kan kommunen ikkje krevje eigendel.

**Lovgrunnlaget er:**

[Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2](#)

Forskrift om egenandel [kapittel 2](#)

Helsedirektoratet sin saksbehandlingsveileder [IS 2442](#)

Helsedirektoratet sitt [tolkingsbrev frå 2015](#)

**Vi ber om at dette brevet vert delt med saksbehandlarar og leiarar som arbeider med den aktuelle tenesta.**

Med helsing

Karin Müller Mikaelsen (e.f.)  
fylkeslege/underdirektør

Eilin Reinaas  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Mottakere:

Vanylven kommune	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
Sande kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykkylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunnadal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND